

# Vinterforskrift Kviteseid kommune

## **Forskrift om unntak frå tidsfristar i saker som krev oppmålingsforretning i Nissedal kommune.**

Fastsett av Kviteseid kommunestyre 09.02.2011 med heimel i forskrift 26.juni 2009 nr.864 om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) § 18 tredje ledd.

### §1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å utsetje 16-vekersfristen for gjennomføring av oppmålingsforretning i vinterhalvåret.

### §2. Utsett frist for gjennomføring av oppmålingsforretning

Tidsfristen som er fastsett i matrikkelforskrifta § 18 første ledd vert ikkje rekna i perioden 15. november til 30.april.

### §3. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft same dato som den blir kunngjort i Norsk Lovtidend.